

Årsmelding ferjelaget Skånevik

MF Skånevik har vert utleigd til TheFjords DA fram til 30.06.2020. Kontrakten vart sagt opp før tida grunna covid-19. Ny kontrakt er heller ikkje sansynleg før sommaren 2022.

Teknisk drift av fartøyet:

Skånevik fungerte problemfritt siste året med utleige. Det var kun småreparasjonar og normalt vedlikehald. Av anna arbeid kan me nevne at me har skift mykje stål i baugpartiet grunna rustskader. Begge ankervinsjane med fundament, og div rekkestøtter har og fått seg ei god overhaling. Grunna feilrapportering til riksantikvaren får me først utbetalt tilskotet til dette arbeidet i 2021. Me har søkt RA/VLFK om sandblåsing av begge skutesider med fått avslag dessverre. Skutesidene vert vaska og malte til sommaren slik at fartøyet er representabelt.

MF Skånevik har ingen åpne pålegg eller avvik, og er seglingsklar.

Delelager:

Norsk Veteranmotor AS på Rubbestadneset ynskjer å overta delene på lager på Huglo og i Sogn mot at Skånevik får ein gunstig avtale på gjenkjøp. Det er ikkje inngått avtale enda. Norsk Veteranmotor AS er eit ideelt selskap som ikkje betalar lønn eller utbytte.

Framtidsutsikter

MF Skånevik kan ha moglegheiter for ein del kulturarrangement sommaren 2021. Dette gir truleg ikkje inntekter som kan samanlignast med turistruta, men så lenge ferja er i drift, og det gir meir enn å ligge i opplag, bør me gjere dette.

Sambandet Kaupanger - Frønningen skal truleg driftast kombinert med Ortnevik-Noreide-Vik med MF Tansøy ut 2022. (i opsjon til Fjord1 vil fylkeskommunen stramma inn midlertidig) Då skal det ut på nytt anbod. Styret arbeidar og med andre småsamband som kan vere aktuelle for MF Skånevik.

Styrets arbeid.

Styret har hatt 2 styremøter og hatt epostdialog med informasjon om kva som skjer.

17. april 2021.

Arne Glenn Flåten
-leiar-